

Vedtekter for andel i Stokkenes Golfpark BA

Andelar:

Andelseigarar i Stokkenes Golfpark BA får rettigheter i samsvar med "Vedtekter for andel i Stokkenes Golfpark BA". Andelen gjev kun rettigheter for andelseigarar som er medlem, og har betalt medlemskontingent i Nordfjord Golfklubb.

Det fins 3 typar andelar:

A- andel, som gjev rettigheter i følgje vedtektene.

B- andel, som gjev rettigheter i følgje vedtektene, kun i samband med ein A- andel. B- andelen vert lagt ut for sal med rabattert pris og er mynta på ektepar / sambuarar. For å kunne få kjøpe ein B- andel må paret også ha kjøpt ein A- andel. Dersom parforholdet opphøyrer må B- andelen oppgraderast til A- andel for å gje rettigheter.

C- andel, som gjev rettigheter i følgje vedtektene og er mynta på ungdomar og barn, fram til og med det året ein fyller 18 år. Andelen vert lagt ut for sal til rabattert pris. C- andelen må oppgraderast til A- andel det året ein fyller 19 år.

Andelseigaren sine rettigheter:

1. Andelseigar har spelerett, utan å måtte betale greenfee- avgift, på golfbana i Stokkenes golfpark.
2. Andelseigar blir prioritert ved tildeling av speletid og kø på golfbana.

Kjøp og sal av andelar:

Ein A- andel kan kun seljast som A- andel, B- andel som B- andel og C- andel som C- andel.

For andelar som vert selt til andre enn nære familiemedlemar, skal 10 % av salssummen tilfalle Stokkenes Golfpark BA. Dersom vederlagspliktig sal av andel skjer utan vederlag til Stokkenes Golfpark, vert andelsbrevet annullert.

Ein andelseigar kan vederlagsfritt selje eller overdra sin andel til nære familiemedlemar, slik som; forelder, ektefelle, sambuar, sysken, barn og barnebarn.

Sal, kjøp eller overdraging av andelar skal alltid gå gjennom Stokkenes Golfpark BA sin administrasjon, slik at nytt andelsbrev kan skrivast ut i den nye eigaren sitt namn. Seljaren sitt andelsbrev skal leverast inn for makulering. Andelskjøparar mottok signert og stempla andelsbrev. Signering av andelsbrev kan utførast av styreleiar, kasserar eller dagleg leiar.

Eit andelsbrev skal alltid vere knytt til ein (1) person sitt namn og handsamast som eit verdipapir.

Andelseigaren (seljaren) har ansvar for å sjå til at sal eller overdraging vert utført etter "Vedtekter for baneandel i Stokkenes Golfpark BA". Transaksjonar som ikkje blir utført i samsvar med vedtektene er å sjå på som ugyldige.

Stokkenes Golfpark BA har forkjøpsrett ved andelssal. Styreleiar i Stokkenes Golfpark BA kan avgjere når forkjøpsrett skal nyttast.

Dagleg leiar i Stokkenes Golfpark BA fører liste med andels-transaksjonar: kjøpar, seljar, type andel, salssum og dato. På denne oversikta skal også overdragingar og oppgradering av andelar førast.

Prissetting og endring av vedtekter:

1. Årsmøtet bestemmer kor mange andelar som skal leggest ut for sal.
2. Årsmøtet bestemmer prisen på andelane som er lagt ut for sal.
3. Årsmøtet bestemmer pris for oppgradering av andel.
4. Årsmøte kan gjere endringar i vedtektene ved 2/3 fleirtal.

Årsmøte 27.01.2006, Nordfjordeid.

Nordfjordeid/..... - 2006

Nordfjordeid/..... - 2006

.....
Dagfinn Gjerde

.....
Elias Nes